

# ÅRSMELDING FOR HEIDAL HISTORIELAG FOR 2008

Forrige årsmøte vart avholdt den 21. februar 2008 med godt frammøte.

Styret i historielaget har hatt same samansetning i 2008 som i 2007: Pål Prestgard, nestleiar, Ståle Rønningen, kasserar, Sverre Svindland, sekretær, Guri Brobakken, styremedlem og Sverre Nybø, styremedlem. Som i dei siste åra har det ikkje vore nokon spesiell leiar, men styret har fungert bra og oppgåvene er fordelt på alle.

I tillegg til årsmøtet for 2007 har det vore avholdt 8 styremøter. I november var det ope møte/hyggekveld med godt frammøte. Ivar Teigum holdt foredrag om «Befolkningsutvikling i Heidal opp gjennom tida», Magne Teigen viste gamle bilder og Ståle Rønningen presenterte heimesida til laget.

Gruppa som arbeider med bureisarhistoria i Heidal går sin gang, og det er venta at arbeidet kan sluttførast i 2009. Det er meininga at arbeidet skal presenterast i bokform. Dei som er med: Pål Prestgard, Svein Sletten, Ola Svaet, Odd Vang og Sverre Nybø.

I samband med ope helg blei det gjennomført ei vandring langs den gamle bygdevegen i Skogbygda. Einar Holen var kjentmann for turen, og det var stort oppmøte.

Intervjugruppa held fram med arbeidet sitt, men det hadde vore ynskjeleg med fleire folk til dette og eige opptaksutstyr.

Arkeologigruppa har vore på ein del turer, Hestmånå på Kleivom, Puttom ved Høgsetra og Slådalen i Vågåfjellet. Ellers har det vore utført ein del generelle registreringer av fornminner. Det er meininga at det etterkvart skal bli utarbeid rapporter om forskjellige fortidsanlegg rundt omkring.

Heimesida til laget har vorte utruleg bra! Mange meiner det er ei av dei beste i landet. Dette er fyrst og framst web. ansvarleg Arne Jan Randen sin fortjeneste! Her finn ein mykje stoff og sida blir oppdatert til kvar tid. Vi kan nemne: Referat frå turer, litteraturliste, kopi av «I Heidale», kommunikasjon og spørsmål frå folk frå mange forskjellige stader, etterlysinger av ymse slag og ikkje minst informasjon frå styret og andre. Me vonar at sida vil kunne fungere som ein kommunikasjonsentral mellom styre, medlemma og andre personer.

Ellers er det sett i gong arbeid med å registrere kvernsteinbrota i Sjolja. Her har me fått hjelp av ein geolog frå NGU. Me reknar med at dette arbeidet vil fortsette i 2009, og det blir sikkert arrangert tur hit til sommeren.

Det er på sikt mange oppgaver å ta fatt i. Me vonar at bygdefolket og andre vil stytte opp om historielaget og gje sitt bidrag til at arbeidet med historia til Heidal og heidølene kan fortsette. Kom med forslag til saker det skulle vore jobba med!

Ved utgangen av året er det 37 medlemmer i laget, men det er plass til mange fleire.

Heidal, 23. januar 2009

Styret i

Heidal Historielag